

Humedalslaget

NUMEDØLEN



Desember 2015



numedalslaget i oslo

Rååkåfiskfesten 2016 – festtaler Even Tråen om det numedalske paradoks

Rååkåfiskfesten 2016 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 30. januar kl. 18.30.

På menyen står som vanleg rååkåfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling frå Veggli, mandelpotet og anna godt.

Festtale ved Even Tråen. Var Numedal ein avstengd dal? Nei, seier Even. Kom og høyr om den rike kulturhistoria i Numedal med innflytelse frå resten av Noreg og Europa.

Det blir variert dansemusikk med VÅKK (som står for våre gamle vener Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell).

Inngang: Medlemmer kr 450, ikkje-medl. kr 500.

Påmelding innan 23. januar til: 97 75 40 18 (Bjørg), 66 80 64 32 (Ragnhild) eller e-post til rilanderud@gmail.com. Vær venleg å melde på i god og respekter påmeldingsfristen!

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



Det var stor og god rååkåfisk på festen i 2015. Foto: Svein Aasen



numedalslaget i oslo

Om Rååkåfiskfesten i før i tida

Vi har funne gamle avisutklipp om Numedalslaget sine aktivitetar. Dette kunne ein lese i ei avis om rååkåfiskfesten i 1975:

Rakafiskfest nr. 56 i Numedalslaget i Oslo

Tanken om å legge ned Numedalslaget er ikke ny, og under den 56. rakfiskfest i laget i Oslo, tok ordfører Knut Brekke forsiktig til orde for at det kanskje blir virkelighet om noen år. – Vi får håpe at Numedalskommunene nå makter å skaffe flere arbeidsplasser og således kan gi et tilbud til de som har flyttet ut, men ønsker å komme tilbake til dalen, sa Brekke.

Årets fest ble avviklet etter tradisjonelt mønster, og ordfører Brekke holdt et fengslende foredrag han kalte «Numedal i fortid, nåtid og fremtid». I de siste 30 år har det vært like stor utflytting fra dalen som da folk reiste til Amerika. Resultatet er et synkende fødselstall og skjev befolkningsalder, fremholdt Brekke, og uttrykte ønske om at årene som kommer vil snu utviklingen.

Det var for øvrig 135 til stede på årets fest. Sigurd Nesdal var kveldens toastmaster – og Gunnar Traaen og Emmy Ulbåsen besørget talene for damene og herrene.

Virksomheten har ellers vært god i laget det siste året. Lagets formann, Svein Aasen, forteller at det har gått greit å skaffe villige kandidater til de aktuelle verv i styret og nemndene i laget.

Om dei talde riktig i 1975, så blir altså rååkåfiskfesten i 2016 den 97. i rekka. Det nærmar seg jubileum for festane i Numedalslagets regi! Men vi veit også at det blei arrangert rååkåfiskfestar i Oslo før Numedalslaget blei stifta, men vi veit dessverre ikkje kor mange det var.



Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 7. mars 2016

Styret kallar med dette inn til årsmøte mandag 7. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsgt. 22 (lagsrommet i kjellaren).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2015
5. Rekneskap 2015
6. Medlemspengar for 2017
7. Innkomne framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2016

Medlemspengar for 2016

Vedlagt finn du ein giro som skal brukast til å betale medlemspengane for 2016. Medlemspengane er:

Kr. 320,- for vaksne over 26 år

Kr. 160,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 160,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til kontonummer: 0530 19 32474. Betal helst innan 15. april 2016.

Det er berre dei som er hovudmedlemmar i Numedalslaget som vil få medlemskort frå oss via NU. Det tek litt tid for NU å lage og sende ut medlemskort. Vi vil derfor be dykk setje kryss i kvitteringsruta på giroen når de betaler og bruke kvitteringa som stadfesting på at de har betalt.



numedalslaget i oslo

Referat frå årsmøtet 2015

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud, Bjørg Undebakke, Kjersti Aasen, Svein Aasen.

1. Opning

Svein Aasen opna møtet og ønskte velkommen.

2. Konstituering

Nils Øyvind Bergset blei valt til møteleiar, Ragnhild Landerud til referent, Kjersti Aasen og Svein Aasen til å skrive under protokollen.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4. Årsmelding 2014

Årsmelding 2014 blei lese opp av Ragnhild Landerud.

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Begge årsmeldingane blei godkjende.

5. Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2014, underteikna av kasserar og revisor 23.02.2015

Rekneskapen for 2014 blei godkjend.

Kommentar: utgiftene til porto og administrasjon kan reduseras ved å bruke e-post til medlemmar som har e-postadresse.

6. Medlemspengar 2016

Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU, (som vedteke tidlegare år). Den delen Numedalslaget får, blei endra i 2012.



numedalslaget i oslo

7. Innkomne framlegg.

Ingen innkomne framlegg

8. Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valgkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Styremedlemmar: Nils Øyvind Bergset og Ragnhild Landerud tok attval, periode 2 år. Kenneth de Gala (ny), periode 2 år.

Varamedlem Bjørg Undebakke tok attval, periode 1 år.

Hyttestyret: Levor Traaen og Valborg Tuft tok attval, periode 2 år. Tormod Haug (ny), periode 2 år.

Folkedansgruppa: Gruppa blir lagt ned og lagt inn under styret.

Numedølen: Redaksjonen blir lagt ned og lagt inn under styret.

Lotterifond: Nils Øyvind Bergset og Knut Kjønås tok attval, periode 2 år.

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.

Hedersmerke/Fortjenestemerke: Levor Traaen tok attval, periode 2 år.

Svein Aasen (ny), periode 2 år.

Valkomite: Bjørg Undebakke, Kjersti Aasen og Ragnhild Landerud tok attval, periode 1 år.

Det blei bestemt at Kjersti Aasen og Svein Aasen er utsendingar til årsmøtet i BLS 23.03.2015

Dei andre styremedlemmane er varamenn.

Styret har fullmakt til å velje utsendingar til årsmøtet i NU.



numedalslaget i oslo

Årsmelding 2014

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.

Tillitsvalde i 2014: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 33 medlemmar.

Av desse er 2 bimedlemmar (hovedmedlem i eit anna lag i NU/BLS)

Det er 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønås, Knut Kjønås, Jøran Stryse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen,

og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 2 styremøte / arbeidsmøte + årsmøte 26.02, dessutan kontakt via e-post.
- Råkåfiskfest på Røa Samfunnshus 25.01.
- Ingen fellestur til Lagshytta i Lommedalen i år.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med to nummer (januar og desember).
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktpersonar : Lars Peder Larsgård og Nils Øyvind Bergset.
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.



numedalslaget i oslo

Råkåfiskfest 25. januar 2014

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var 65 personar til bords, av desse var 50 fullt betalande

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme.

Festen blei leia av Lars Peder Larsgård

Kjell Bitustøyl kåserte om Tamreindriften i Numedal.

Musikk: VÅKK (Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell)

Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2014

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger, men ein kan bruke e-postadresse til styremedlemmar.



God stemning under renskinga av fisken. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Årsmelding for folkedansgruppa 2014


Folkedansgruppa var leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Kenneth de Gala vore med. Vi har ikkje hatt egne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen sit som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 17 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 9 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Når han har vore borte har Kjersti Aasen vore instruktør. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen slik som steg, svikt, særskilde turar og diskuterer og prøvar ut. Vi startar øvingane kl. 19.30 og driv på til 21.30, med ei lita pause. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Johanne Flottorp har også vore spelemann på to øvingar.

Totalt sett har det vore 79 frammøter på øvingane, 12 fleire enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. 9 ulike personar har møtt fram. Av desse var det 3 gutar og 6 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 4,65 personar per øving. Det minste tal frammøtte på ei øving var 3, og det meste var 6.

Laurdag 29. mars var det Dansedykk med numedalsdans i folkemusikkens storstove i Oslo, Riksscenen. Numedalslaget arrangerte samen med Numedal Spel- og Dansarlag og Småjondølenes dansarlag. Frå Numedal kom det buss med 35 deltakarar. Ein svært vellykka dag blei det, med kurs på dagtid, arkivdykk i kveldinga og dansefest om kvelden. Kursleiarar var Liv Bergset, Bjørnar Blaavarp Heimdal, Sigbjørn Rua og Nils Øyvind Bergset. Dansespelet stod Synne Frogner, Kenneth de Gala og Håvard Kjøntvedt for.

I kveldinga var det arkivdykk. Nils Øyvind Bergset og Jan Lislien viste filmar og spelte musikk. På kvelden var det god gammaldags dansefest med runddans og bygdedans. Kenneth de Gala, Synne Frogner, Håvard Kjøntvedt og Numedal spelemannslag sørga for variert dansemusikk.



Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på to folkedanskveldar. Desse kveldane har vi lært bort Numedalsdans i pausa.

Fleire av dei som har vore med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen og Arna Desser. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Buskerudkappleik på Kongsberg, Landskappleiken på Geilo, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Buskerudkappleiken vann vi foran to andre lag. På Landskappleiken fekk vi en sterk femteplass av 27 med ein numedalsgangar. Under Jørn Hilme-stemnet på Fagernes kom vi på ein andre plass av 5 lag. På Oslokappleiken vart vi nummer 3 av 4.

Dansarar frå laget har og vore med på framsyningar. Vi dansa på Rååkåfiskfesten i januar og på Bygdelagsstemnet til BLS på Folkemuseet.




Flott langbord med fisk og god stemning ved bordet. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2015

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan,58, 0673 Oslo	
	e-post:	
	svein.aasen@multiconsult.no	
Styremedlemmer:	Ragnhild Landerud	45 01 91 36
	Kongeveien 45,1412 Sofiemyr	
	e-post: rilanderud@gmail.com	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS	
	e-post:niloberg@online.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
	e-post: aasenkjersti@gmail.com	
	Kenneth de Gala	99 64 28 09
	Gamle Bygdev. 168D,1284 Oslo	
	e-post: kenneth@degala.no	
Varamedl.:	Björg Undebakke	97 75 40 18
	Fallanveien 30 B, 0495 Oslo	
	e-post:	
	bjorg.tora.undebakke@nrk.no	
Hyttestyre:	Levor Traaen	67 13 47 19
	Tillesløkka 13, 1349 Rykkin	
	e-post: levorj@start.no	
	Walborg Tuft	93 26 23 56



numedalslaget i oslo

Skøyenåsvn. 9 C, 0686 Oslo

e-post: wutuft@gmail.com

Sigrid Prestmoen Talleraas 90 01 99 70

Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

e-post: sigrid.talleraas@gmail.com

Tormod Haug 908 54 279

Borgentoppen 72, 1388 BORGEN

e-post: tormod.s.haug@gmail.com

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Starvn. 76A, 1088 Oslo

Hedersmerke/

Svein Aasen 48 29 99 81

Fortjenestemerke

Levor Traaen 67 13 47 19

Lotterifond: **Walborg Tuft** 93 26 23 56

Knut Kjønnaas 41 33 42 00

Sundstredet 126, 1531 MOSS

e-mail: k.kjonaas@rybeltron.no

Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Valkomite: **Ragnhild Landerud**

Kjersti Aasen

Bjørg Undebakke



Gode resultat i lagdans i år

Siste helga i juni blei det arrangert Landskappleik på Fagernes med gode resultat frå medlemmer i Numedalslaget. I lagdans deltok dansarar frå Numedalslaget saman med dansarar frå Numedal Spel- og Dansarlag og dei dansa springar. Dei kom på ein delt 14. plass av 26 lag.

I november var det Oslokappleik. Numedalslaget vart nummer 2 av 4 lag i lagdans, berre eitt poeng bak vinnarane frå BUL Oslo! Numedalslaget har tidlegare fått eitt napp i ein vandrepremie som blei sett opp for 2 år sidan. Valdreslaget i Oslo har også eitt napp i denne premien.



Utpå kvelden blei det livat dans på Råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



Festtaler Ingvar Moi fekk seg ein velfortjent Lampeland-øl etter foredraget. Narve Lid takka for maten. Foto: Svein Aasen.



Bygdedans frå Numedal våren 2016

4. januar
18. januar
1. februar
15. februar
29. februar
14. mars
11. april
25. april
9. mai
30. mai
13. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset

Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:

200,- for medlemmer

300,- for ikkjemedlemmer

30,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.



Det var også mogleg å smake på øl frå Numedal. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo


Folkedanskveldar vinteren 2015

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
Januar '16		
10.	Hordaringen / Fanteladdene	Rørospols
17.	Valdreslaget / Dølalæte	Valdresspringar
24.	Numedalslaget / Rasmus Kjørstad m/venner	Hallingspringar
31.	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Bingsjøpolska
Februar '16		
07.	Symra / Eiker Spelemannslag	Stildans
14.	??????/ Brødr. Kjørstad	???
28.	Hordaringen / De Frilynde	Vestlandspringar
Mars '16		
06.	Hallinglaget / Enebakk Spelemannslag	Nordlandspols?
13.	SF-ringen / Steinsgårdkroken	Bodapolska
April '16		
03.	Symra / Farande Fant	Stildans
10.	BUL / Brødr. Kjørstad	Finnskogspols
17.	????????? / Østerdølene	?????
24.	SF-ringen / Tonje og Stein Magne	Polska frå Bingsjø og Boda
Mai '16		
01.	Hordaringen / Elise T m/venner	Finnskogspols
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	
22.	Symra / Dølalæte	Springar
29.	??? / Sofienberg Spelemannslag	?????

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Avsendar: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- 20 % rabatt på Comfort Hotel Saga, Tromsø.
- 10% rabatt på BAR-prisar (beste tilgjengeleg pris) på Hotel Bondeheimen i Oslo.
- 20 % rabatt på Det Norske Teatret i Oslo.
- Rabatt på eit utval Kaffistover.
- NU har avtale med Nordic Choice-kjeden. For å få rabatt, må du då gå direkte på www.nordicchoicehotels.no/ og skriv inn i feltet *kampanjekode*: 66457 det vil då kome opp prisar merka *idrett*. (20%) rabatt.